

Kriterie frifondmidlar Norges Fjordhestlag

*Retningslinjene for bruk av frifondmidlar vart vedteke i styret i Norges Fjordhestlag 27.03.2017
og sist oppdatert av styret 15.02.2020*

1. Frifond

Frifond er ei stønadsordning oppretta av Stortinget for å betre rammevilkåra for kulturarbeid for barn og unge. Lokallag tilknytt Norges Fjordhestlag kan søkje om driftstilskot og prosjekttilskot til aktivitet for born og unge. I tillegg kan nyoppstarta lag søkje om støtte.

2. Formål for bruk av frifondmidlar i lokallaga tilknytt NFL

Norges Fjordhestlag har i 2016 skipa Barnas Fjordhestlag. Formålet er at Norges Fjordhestlag gjennom Barnas Fjordhestlag skal skape tilbud og aktivitet for born der dei møter fjordhesten i trygge omgjevnader. Norges Fjordhestlag vil nytte frifondmidlar til aktivitetar på lokalplan over heile landet.

Norges Fjordhestlag ønskjer å støtte og stimulere til aktivitetar og arrangement i lokallaga for sine ungdomsmedlemar under fylte 26 år og til medlemar i Barnas Fjordhestlag. Tildeling av midlar er etter Frifond sine retningslinjer.

Ein kan gje støtte til særskilde utgifter for barn og unge som har spesielle behov for å kunne delta.

Lokallaga som får tildelt frifondmidlar har ikkje høve til å tene pengar på aktiviteten med barn/ungdom og hest. Hesteaktivitetane skal vere tufta på tryggleik og kompetanse i alle ledd. Lokallaget er sjølv ansvarlig for å iverksette nødvendige tryggleikstiltak.

Av midlane kan Norges Fjordhestlag nytte 5% til administrasjon. Den resterande delen av frifondmidlar skal kanaliserast direkte ut til lokallaga over heile landet, og midlane skal gå til aktivitetar lokalt.

3. Kven kan søkje om frifondmidlar gjennom Norges Fjordhestlag

Lokallag som er tilknytt Norges Fjordhestlag og som oppfyller følgjande krav, kan søkje om frifondmidlar:

- Laget må ha gjennomført årsmøte for føregående år
- Laget må ha levert årsmelding og rekneskap til Norges Fjordhestlag for føregående år, og innan søknadsfristen.
- Laget må ha betalt kontingent til NFL for søknadsåret.
- Laget må ha minimum 5 tellande medlemmer under 26 år i Norges Fjordhestlag eller Barnas Fjordhestlag. Merk at det er betalende medlemmer i landslaget med adresse i gjeldande region som er tellande, og ikkje medlemmar på lokallaget si eigen medlemsliste.

Lokallag kan få informasjon om tal tellande medlemmar tilsendt ved henvendelse på mail til: post@fjordhest.no.

4. Søknadsskjema og søknadsfrist

Lokallaget søker NFL om midlar på eige skjema. Skjemaet finn du på www.fjordhest.no

Søknadsfristen er 1. September. Søknadsfristen vert kunngjort i bladet Fjordhesten og på nettsida fjordhest.no.

5. Fordeling av tilskot mellom søkjarlaga

Norges Fjordhestlag har tre ordningar laga kan søkje om frifondmidlar til:

1. Driftsstøtte: Fast beløp på minimum kr 5.000 til lag som driv aktivt, og har tilbod om aktivitetar for barn og unge. Laget må sende rapport på tiltaket i etterkant. Sjå eige skjema. Laget må ellers tilfredsstilla dei generelle krava under punkt 3 i retningslinjene.
2. Tilskot til prosjekt for barn og unge i laget. Med prosjekt er det meint alle aktivitetar eller arbeid som kan fremja arbeid med born og unge rundt fjordhesten. Døme kan vera arrangement som ridekurs, stallekurs, køyrekurs, knøttecup, minicup, feil og stil-konkurransar eller satsingsgruppe for born og unge mot fjordhest-NM og liknande. Lokallaget står fritt til å komme med gode idear. Laga må sende eigen søknad om prosjekttilskot med kort prosjektskildring og budsjett. Laget kan berre søkje om tilskot til eitt prosjekt per år. Laget må sende rapport på tiltaket i etterkant. Sjå eige skjema.
3. Oppstartmidlar til nyetablerte lag. Dette er midlar som kan delast ut til nye lokallag.

Norges Fjordhestlag fordeler driftsstøtte likt mellom laga som har søkt om og er berettiget støtte. Prosjektmidlar tildelast etter søknad til landslaget og fordelast utifrå tilgjengelige midlar det aktuelle året.

6. Søknadsbehandling

Laga sender søknad om frifondtilskot til NFL si e-postadresse post@fjordhest.no.

Utbetalingsfristen av midlar frå landslaget til lokallaga skjer i tildelingsåret.

Klage på tildeling av midlar gjerast skriftleg til styret i Norges Fjordhestlag. Klagefristen er 14 dagar etter kunngjering av tildelt tilskot..

7. Bruk av tilskotet

Lokallaga må bruke midlane innan 31.12. i kalendaråret etter tilskotsåret. Lokallaga må sende rapport på at tildelte midlar frå året før er brukt opp, før nytt tilskot kan utbetalast. Dersom lokallaget ikkje har brukt midlane i løpet av denne perioden, må NFL varslast om dette, og midlane betalast tilbake. Dersom laget ikkje brukar midlane til lokal aktivitet for barn og unge, kan NFL krevje midlane tilbakebetalt.

8. Rapportering på tildelt tilskot

Alle lokallag skal sende årsmelding og rekneskap til Norges Fjordhestlag. Dei som ikkje har gjort dette får ikkje utbetalt tilskot sidan dette vert brukt som dokumentasjon.

Alle lag som har fått tilskot må sende inn rapportskjema innan 15.1. kalederåret etter at pengane er brukt.

Norges Fjordhestlag fører rekneskap over prosjektmidlane, dokumenterer korleis støtta er brukt og rapporterer bruken av midlane på nyåret til LNU (Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner). Norges Fjordhestlag må kvart år delta på det obligatoriske brukarseminaret som LNU arrangerar for mottakarar av Frifond organisasjon.